



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/79192-11

Dykkar referanse:
16/787

Vår dato:
15.11.2017

Uttale til høyring og offentleg ettersyn for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi – Plan-ID 1263-201107

Vi viser til Dykkar brev av 07.11.17 med framlegg til endra reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi (Plan-ID 1263-201107) i Lindås kommune.

Reguleringsplanen gjeld endring av tidlegare godkjend reguleringsplan for Eikefet og Urdal, utviding av steinbrot, eigengodkjend 13.09.2012.

Føremålet med reguleringsendringa er å legge til rette for etablering av deponi for mottak av ureine masser innanfor del av tidlegare steinbrot som i dag fungerer som sedimenteringsbasseng for steinbrotet. Nytt sedimenteringsbasseng for den ordinære drifta må etablerast før det gamle steinbrotet kan nyttast til deponi.

Vidare er det lagt opp til utbetring av tilkomsten til området og opna for etablering av reinseanlegg. Konsekvensutgreiing for det nye tiltaket er gjennomført.

Vi viser til vårt brev av 30.05.2016 som svar på varsel om endring av tidlegare godkjend reguleringsplan og høyring av planprogram for planarbeidet.

Vi viste her til uttale i samband med reguleringsplanen som vart godkjend i 2012 der vi peika på at det måtte vurderast tiltak i krysset til riksveg E39 på grunn av auka trafikk til steinbrot og deponiområdet. I tillegg peika vi på at det i konsekvensutgreiinga måtte leggast vekt på forhold som støy frå verksemda og mogeleg fare for forureining av vatn frå deponiområdet.

Desse forholda er slik vi ser det tilfredsstillande utgreia i det planframlegget som no ligg føre til offentleg ettersyn. I samband med framlegg til utbetring av krysset til riksveg E39 vart det gjennomført ei fråviksbehandling då det ikkje var mogeleg å oppfylle alle tekniske krav til utforming av krysset i forhold til handbok N100 frå Vegdirektoratet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen godkjende fråvik frå krav til utforming av krysset i vårt brev av 30.06.2017 på vilkår av etablering av veglys på strekninga frå tunnelmunningen og forbi kryssområdet. Statens vegvesen har planer om etablering av veglys på tilstøytande strekning av riksveg E39.

Forhold til ny riksveg E39.

Planframlegget viser på reguleringsplankartet trase for ny riksveg E39 og framlegg til vegløyningar i samband med ombyggingar etter at ny riksveg E39 er etablert.

Det er ikkje samsvar mellom vegtrasear som er vist i reguleringsplan for Eikefet–Urdal og godkjend reguleringsplan for ny riksveg E39 Eikefet – Romarheim.

Reguleringsplanframlegget for Eikefet–Urdal viser vesentlege andre løysingar for vegtrasear og andre arealføremål enn det som godkjend reguleringsplan for ny riksveg E39 Eikefet–Romarheim viser.

Reguleringsplanen for E39 Eikefet – Romarheim er godkjend og løysingane i reguleringsplanen for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi må endrast slik at planane viser same løysing og formål for det framtidige vegsystemet for framtidig riksveg E39 og lokalvegssystem. Vidare må det og vere samsvar mellom områda som er avsett til industriføremål (BI1, BI2 og BI3) i reguleringsframlegget for Eikefet – Urdal og dei same områda i reguleringsplanen for E 39 Eikefet – Romarheim.

Som vi og peika på i vårt brev av 30.05.2016 ser vi positivt på dei tiltaka som er lagt inn i reguleringsplanen for tilbakeføring av noko som liknar på det tidlegare landskapet og som kan nyttast til eit fornuftig formål ved etablering av verksemd både for privat og allmenn bruk.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland Samordningsprosjektet Egil Hauge,
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN